



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:
04.04.2019

Vår ref:
2019/4840

Dykkar dato:
19.02.2019

Dykkar ref:

BKK Nett AS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Magne Nesse, 5557 2335

Brevet sendt pr e-post til Per Ivar Trollnes Tautra; per.tautra@bkk.no

Løyve til utdjuving ved undervasssprenging på Mongstad gnr. 127, bnr. 100 for BKK Nett AS

Fylkesmannen i Hordaland gjev BKK Nett AS løyve til å utdjupe ved sprenging ca. 250 m³ faste massar i sjø ved gnr. 127, bnr. 100 på Mongstad i Lindås kommune. Føremålet med sprenginga er ilandføring av høgspenkabel frå Iledalsvågen til Mongstad over Fensfjorden. Massane skal tas på land og nyttast på Equinor sin eigedom. Løyve er gjeve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6.

Vi viser til søknad frå Norconsult på vegne av BKK Nett AS datert 19. februar 2019.

Søknaden

For å etablere ilandføring av høgspenkabel over Fensfjorden skal det sprengjast ut 250 m³ faste massar frå eit areal på 450 m² sjøbotn. Tiltaket skal utførast frå sjø, med borerigg og grabb frå lekter. Massane som primært er sprengstein skal nyttast på området til Equinor. Det er berekna at 250 m³ faste massar utgjer ca. 600 tonn. Tiltaket er planlagt gjennomført i perioden april - mai 2019.

Sakshandsaming

Søknaden er sendt på høyring til Lindås kommune, Fiskeridirektorat og Fiskarlaget Vest. Fiskeridirektoratet og Fiskarlaget seier i sine uttaler at dersom dei avbøtande tiltaka foreslått i søknaden med boblegardin, siltgardin mm vert nytta, så har dei inga merknader til tiltaket.

Fylkesmannen si grunngjeving

All mudring/utdjuving utført frå skip er forbode med mindre det er gjeve løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6. Fylkesmannen er mynde etter forskrifta og skal vurdere søknader etter Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 "Handtering av sedimentar".

I dette tiltaket er det fast fjell som skal fjernast med undervasssprengning og takast på land. Det er ikkje teke prøvar av botn. Krav om sedimentundersøkingar kan utelatast der det er fast fjell som skal fjernast, då ev. forureiningar sit i botnsediment.

Søk i databasen Artskart og Naturbase 5. april 2019 og har ikkje funne artar eller naturtypar nær tiltaksområdet som krev spesielle omsyn.

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Det ligg gyttfelt for kysttorsk sør og øst for tiltaksområdet. Fylkesmannen legg vekt på uttale frå Fiskeridirektoratet og set vilkår som pålegg tiltakshavar bruk av sprengingsteknikkar som reduserer trykkbølgjene ved sprenginga slik som tetting av borehol (fordemming) og sekvensiell tenning (kvart borehol sprengast for seg med forsinkelse til neste hol) og avbøtande tiltak som boblegardin og siltgardin. Eventuelle skyteleidningar, plastavfall m.m. skal samlast opp og leverast godkjend mottak.

Bruk av steinmassane på tomta til Equinor må klarerast med Lindås kommune etter plan – og bygningslova.

Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket vert vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivaretatt ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Ut frå Fylkesmannens tidsbruk i denne saka, tek vi gebyr etter sats 7, 16 400 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Endring og omgjerung

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningstilhøva endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Retten til å klage

De har fått løyve til mudring/utdjuping. Dersom det likevel skulle være noe de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyr, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har motteke dette brevet. Klagen bør vere skriftleg grunngjeven, og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Silje Tingstad
overingeniør

Magne Nesse
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Løyve med vilkår

Kopi med vedlegg: Lindås kommune
 Fiskarlaget Vest
 Fiskeridirektoratet
 Norconsult